



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 11.05.2026

Vår ref.: 202610448-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglement for Suldal II kraftverk i Suldal kommune, Rogaland fylke

Bakgrunn og tidlegare søknad

Hausten 2025 installerte Hydro Energi AS ei ny luke ved dammen på Kvanndalsfoss. For å gjennomføre installasjonen vart det etablert ein fangdam oppstrøms dammen og reguleringsmagasinet senka under LRV til kote 619.

Søknaden og NVEs vedtak i saken er tilgjengelege på NVE si nettside: www.nve.no/9740/V.

Kva blir det no søkt om?

NVE har motteke ein ny søknad frå Hydro Energi AS om løyve til å igjen fråvike manøvreringsreglementet for tapping under LRV til kote 619 ved dam Kvanndalsfoss. Undersøkingar har avdekt at den nye rulleluka ikkje let seg løfte til øvste stilling. Tiltaket er derfor grunngeven med behov for å senke vasstanden for å gjere naudsynte modifikasjonar av luke- og opptrekkskonstruksjonen. Dette er planlagt gjennomført i perioden 24.08.2026 – 31.10.2026.

Søknaden er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9923/V.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at det er behov for kunngjering og brei offentleg høyring. Søknaden om mellombels løyve blir derfor sendt på avgrensa høyring til Suldal kommune, Setesdal-Ryfylke villreinområde, Rogaland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Rogaland.

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer tilbakemeldingar knytte til momenta i søknaden. Vi ber òg om tilbakemelding dersom de meiner at det finst andre interessentar som bør få høve til å uttale seg.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Eventuelle kommentarar kan sendast på e-post til nve@nve.no. Merk e-post med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202610448 i emnefeltet.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Frist for å sende fråsegn er **19.06.2026**

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Hans Kristian Bugge Tørset

Avdelingsingeniør

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

ROGALAND FYLKESKOMMUNE
STATSFORVALTEREN I ROGALAND
Suldal kommune
Setesdal-Ryfylke Villreinområde

Kopimottakarliste:

HYDRO ENERGI AS